# "Berekraftig utvikling eller berre kraftig utvikling?

**Innlegg på seminaret «Er bærekraft forenelig med økonomisk vekst?» arrangert av Linjeforening for økonomi i Sogndal**

**Sogndal, 13.4.2016**



**Carlo Aall**
**Forskingsleiar**
**Vestlandsforsking**

# Kva eg vil snakke om

- **Korleis forstå omgrepa 'berekraftig utvikling' og 'økonomisk vekst'**
- **Ulike faglege posisjonar når det gjeld spørsmålet om forholdet mellom desse to omgrepa**
- **Kva eg meiner om dette**

- **Korleis forstå omgrepa ‘berekraftig utvikling’** og ‘økonomisk vekst’
- Ulike faglege posisjonar når det gjeld spørsmålet om forholdet mellom desse to omgrepa
- Kva eg meiner om dette

# Den historiske utviklinga av berekraftomgrepet

- **Berekraft som <u>fysisk</u> konsept (1900 →)**
  - Hausting av ein biologisk ressurs (t.d. skog)
- **Berekraft som <u>fysisk-biologisk</u> konsept (1960/70 →)**
  - Samspel mellom arter og miljø i eit økosystem
- **Bærekraft som <u>fysisk-biologisk-sosialt</u> konsept (1980 →)**
  - Kopling av 'berekraft' med 'utvikling' som svar på at utviklingslanda avviste miljøproblema som noko i-landa må løyse aleine

Kjede: Dixon og Fallon 1989

# Kva seier Verdskommisjonens rapport (1987)?

- **Det oftast nytta sitatet**
  - «Bærekraftig utvikling er en utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov»
- **MEN**
  - Kva er "behov"?
  - Kva med fordeling innan dagens generasjonar?
- **En viktig supplerande del av definisjon som blir glemt**
  - «Den (bærekraftig utvikling) omfatter to nøkkelmomenter: (1) Det å dekke behov, spesielt grunnbehovene til verdens fattige, som bør gis første prioritet: og (2) idéen om begrensningene som dagens teknologi og sosiale organisering legger på miljøets muligheter til å imøtekomme dagens og fremtidens behov»

# Dei opphavlige kjernekarakteristika

- **Det *økologiske* perspektivet**
  - Omsyn til miljøet set nokre absolutte grenser for menneskeleg aktivitet

- ***Det sosiale perspektivet***
  - *Velferdsomsyn*
    - Sikre at alle i *dag* har lik rett til å få tilfredsstilt sine grunnleggjande behov
  - *Generasjonsomsyn*
    - Sikre at alle i *framtida* har lik rett til å få tilfredsstilt sine grunnleggjande behov.

Kjelde: Stortingsmelding om berekraftig utvikling, 1998

# Berekraftmålet utviklar seg over tid….




Kjelde: Aall, 2015

# «If sustainability is everything, maybe it is nothing»?

Også FN har redefinert målet i fleire omganger, sist i 2015

SUSTAINABLE DEVELOPMENT GOALS




Kjelde: United Nations, 2015

## FNs bærekraftsmål kan skade mer enn de hjelper

Bergens Tidende

**Det hjelper lite at Erna Solberg har gitt sin tilslutning til bærekraftsmålene, når hun fortsatt tillater fullt kjør i oljeutvinning og oljeleting i Arktis.**

GUNNAR KVÅLE
Professor emeritus, Senter for internasjonal helse, Universitetet i Bergen

Publisert 22.okt. 2015 06:00 Oppdatert 21.okt. 2015 15:00

**FNs bærekraftsmål** ble vedtatt av FNs generalforsamling i New York 25. september 2015. Det er positivt at alle FNs medlemsland slutter opp om visjoner om å utrydde fattigdom og ulikhet på en bærekraftig måte.



Gunnar Kvåle

Men forpliktelser for gjennomføring, både på nasjonalt og globalt nivå, mangler. Målene fremstår derfor som en samling av uforpliktende og til dels motstridende ønsker om hvordan verden bør se ut i 2030.




Et hovedspørsmål er om målene samlet vil stimulere til en politikk som bidrar til en bærekraftig utvikling som varer også etter 2030. Dette vil i stor grad avhenge av om det blir mulig å forhindre farlige klimaendringer.

«Det er en reell konflikt mellom målet om økonomisk vekst (mål 8) og forebygging av klimaendringer. Fattige trenger økonomisk vekst, men veksten kan ikke være basert på økt bruk av fossile brennstoff».

Vi trenger derfor en grunnleggende omveltning mot en politikk som tar hensyn til planetens grenser, noe blant andre Johan Rockstrøm, direktør ved Stockholm Resilience Centre, tar til orde for.

Det er nødvendig med et paradigmeskifte bort fra en utviklingsfilosofi basert på uendelig vekst til en tankegang basert på å skape livskvalitet for alle innen jordens grenser. Det må da utvikles en politikk for forbruksnedgang i rike land. Bærekraftsmålene problematiserer ikke slike forhold.

# Utvikling eller utvatning?

| | Behov som vert «putta inn» i berekraftmålet | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Grunnleggjande | | Også andre behov | |
| **Det økologiske berekraft-perspektivet** | **Det sosiale berekraftperspektivet** | | | |
| | Høg utjamning | Låg utjamning | Høg utjamning | Låg utjamning |
| Smalt<br><br>(få og globale miljøtema) | | | | |
| Breitt<br><br>(mange og også lokale miljøtema) | | | | |

DIFOR
Mange svar på spørsmålet om korleis (radikalt ulike forståingar av) berekraftmålet forheld seg til målet om økonomisk vekst

- **Korleis forstå omgrepa ‘berekraftig utvikling’ og ‘økonomisk vekst’**
- **Ulike faglege posisjonar når det gjeld spørsmålet om forholdet mellom desse to omgrepa**
- **Kva eg meiner om dette**

# Nøkkelomgrep

- **Økonomi**
  - Hushald av knappe ressursar for å stette våre behov
- **Økonomisk vekst**
  - Auke i…verdien av varer og tenester produsert i en økonomi over en gitt tid
- **Måling av økonomisk vekst**
  - Tradisjonelt målt som prosent endring i Brutto Nasjonal Produkt (BNP)
- **BNP**
  - Verdien av alt som vert produsert i et land i en viss periode målt i pengeeiningar
- **Pengar**
  - Byttemiddel for varer og tenester

# Oppfatningar om kor 'fleksibel' det økonomiske systemet er

- **Utgangspunkt**
  - 'Pengar' representerer materielle verdiar so menneske etterspør
- **Full substitusjon**
  - Kan mangel på ein gitt ressurs (eks naturressurs eller naturens kapasitet til å handtere forureining) alltid bli erstatta berre prisen for ressursen blir høg nok?
- **Frakopling**
  - Kan produksjon av varer og tenester gjerast på ein slik måte at miljøkonsekvensane (uttak av knappe naturressursar og/eller forureining) av det samla forbruket blir akseptabelt?

# Men kva er “pengar”?

Illustrasjon henta frå “The Money Project”
http://money.visualcapitalist.com/all-of-the-worlds-money-and-markets-in-one-visualization/




Pengar?



# Derivater

Wikipedia: Verdipapirer hvis gevinst avhenger av et underliggende aktivum. De enkleste formene for derivater, på engelsk kalt for «plain vanilla derivatives»,
er opsjoner, forwards og futures. Det finnes utallige andre derivater som stort sett kan replikeres ved hjelp av sammensetninger av de enkleste variantene. Ved hjelp av derivater kan man sikre seg mot oppside- og/eller nedsiderisiko etter ønske, og man kan også ta lange og korte posisjoner i selve derivatet. Ved å kjøpe derivater som sikrer mot både opp- og nedside på en gang, kan man oppnå en full hedge. Derivater blir brukt ved aksjehandel, men også
ved valutahandel, kraftmegling o g råvarehandel og annet. Dette blir da derivatets underliggende aktivum.

- Korleis forstå omgrepa ‘berekraftig utvikling’ og ‘økonomisk vekst’
- **Ulike faglege posisjonar når det gjeld spørsmålet om forholdet mellom desse to omgrepa**
- Kva eg meiner om dette

# ‘Vekst versus vern’ er ein gamal debatt

- **1850-1930**
  - Generell skepsis til ideen om ei evigvarande auke i økonomien vart formulert av kjende økonomar som John Stuart Mill (1848) og John Maynard Keynes (1930)
- **1950-1960**
  - Kritikk av dei negative globale fordelingseffektane av økonomisk vekst – t.d. av Georg Borgstrøm
- **1960-1970**
  - Kritikk av dei negative miljøkonsekvensane av økonomisk vekst - t.d. av Mishan, 1967 og Meadows et al. 1972 (boka “Limits to Growth)

# Hovudposisjonar i ‘vekst og vern’ debatten

- **Business as usual**
  - Avviser kritikken av økonomisk vekst og at miljøproblemet treng aktive politiske tiltak
  - Full substitusjon mogeleg – miljøproblema løyser seg sjølv
- **Økologisk modernisering**
  - Avviser kritikken av økonomisk vekst – men aksepterer trongen for miljøtiltak
  - Tilstrekkeleg frakopling er mogeleg
- **Nullvekst eller Steady state economy**
  - Delvis aksept av kritikken av målet om økonomisk vekst
  - Stabilisere storleiken på økonomien
- **Degrowth**
  - Full aksept av kritikken av målet om økonomisk vekst («degrowth»)
  - Redusere storleiken på økonomien

- Korleis forstå omgrepa ‘berekraftig utvikling’ og ‘økonomisk vekst’
- Ulike faglege posisjonar når det gjeld spørsmålet om forholdet mellom desse to omgrepa
- **Kva eg meiner om dette**

**Poeng:**

**TID (eller MANGEL på tid)!**

# Fysiske realitetar




Kjelde: http://www.globalcarbonproject.org

# Politisk retorikk




Det grøne skiftet
(mot «lav-», «null-» eller «minusutslepp»?)

LAV-utslepp

NULL-utslepp

MINUS-utslepp

# Det «horisontale» grøne skiftet er like krevjande!




Om verdssamfunnet venter til 2025 med å gjennomføre nye tiltak må utsleppa etter 2025 **reduserast med 90% kvart år** for å nå 1.5-2.0 gradersmålet

MEN: Vi diskuterer framleis som om dei «store tiltaka» kan gjerast her!

**2100**

Det grøne skiftet

# Kva inneber det å gå frå 2,0 til 1,5 gradersmålet?




## Om vi legg til grunn 50% sannsyn for å nå målet må utsleppa stanse 20 år tidlegare

Tal år dei globale utsleppa kan halde fram som i dag før det globale karbonbudsjettet er brukt opp:

- 2 gradersmålet: 28,4 år
- 1,5 gradersmålet: 9,8 år

COP21 · CMP11
PARIS 2015
UN CLIMATE CHANGE CONFERENCE

# Konklusjon

- **Den breiaste (og mest ‘utvatna’) definisjonen av berekraftmålet er nok mogeleg å kombinere med målet om økonomisk vekst**
  - Men det er fordi den økologiske berekrafta då er underordna den økonomiske berekrafta
- **Det er – kanskje – mogeleg (på lang sikt) å få til at også den tradisjonelle økologiske berekrafta er mogeleg å kombinere med målet om økonomisk vekst**
  - Då må verda oppleve vesentlege nye teknologiske framskritt og store politiske omveltingar må skje globalt, m.a. demokratisering av Afrika og Asia
- **MEN fordi verda har eit så kort tidsvindu for å klare klimamålet er «degrowth» det einaste alternativet**
  - Degrwoth må vere strategien – og/eller kan bli konsekvensen!

Takk for meg!

Carlo Aall

991 27 222

caa@vestforsk.no

www.vestforsk.no

